

Utkast til forskrift om auke av maksimalt tillaten biomasse for løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure i Finnmark og Troms.

Fastsett av Fiskeri- og kystdepartementet xx.yy.2011 med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur § 5, § 6, § 7, § 10 og § 26.

§ 1 Formål

Formålet med denne forskrifta er å gjennomføre ein kapasitetsauke for løyve til matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn i Finnmark og Troms.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld eit tidsavgrensa høve til å auke maksimalt tillaten biomasse for løyve til matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn med 5 % av biomassen mot vederlag, i Finnmark og Troms. Forskrifta gjeld ikkje løyve til matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn til særlege formål.

§ 3 Kunngjering av tilbod

Fylkeskommunane står for kunngjeringa av tilbodet om auka kapasitet. Tilbodet skal kunngjerast i brev til innehavarar av akvakulturløyve slik det går fram av akvakulturregisteret.

Tilbodet skal også, som eit minimum, offentleggjerast på fylkeskommunane og Fiskeridirektoratet sine internettsider.

Tilbodsbrevet skal i tillegg til svarskjema blant anna innehalde informasjon om:

- a) tilbodet, medrekna storleiken på vederlaget, og
- b) frist for å sende melding.

§ 4 Melding og frist for sende melding

Innehavar av løyve til matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn i Finnmark og Troms kan melde fylkeskommunen i det fylket løyvet er heimehøyrende om si interesse for utviding av løyvet.

Meldinga skal leverast på fastsett skjema seinast 31. mars 2011. Meldingar som blir mottekne etter fristen vil bli avvist og ikkje behandla. Reglane i domstolloven § 146 og § 149 kjem til bruk så langt dei passar. Fristen for å sende melding kan ikkje forlengjast.

§ 5 Vederlag

For utviding etter denne forskrifta skal det betalast vederlag til staten.

For utviding av løyve med avgrensing som fastsette i laksetildelingsforskrifta § 15 er vederlaget 150 000 kroner i Finnmark og 500 000 kroner i Troms. For utviding av løyve

med anna avgrensing skal det betalast eit vederlag som står i forhold til vederlaget som følgjer av fyrste punktum.

Vederlaget skal vere innbetalt seinast 31. mars 2011 til Fiskeridirektoratets konto nummer xxxx og vere merka "Vederlag 2011 – nummer på løyve".

Vederlaget blir ikkje refundert ved eventuell seinare inndraging av akvakulturløyvet på bakgrunn av forhold nemnde i akvakulturloven § 9.

§ 6 Krav til sending og melding

Meldinga skal sendast per rekommandert brev. Meldinga må merkast med: "Melding om kapasitetsauke 2011".

Meldinga skal vere skriftleg og innehalde:

- a) kva meldinga gjeld,
- b) dokumentasjon på innbetalt vederlag jamfør § 5.

§ 7 Vedtak

Fylkeskommunen i det fylket løyvet er heimehøyrande skal behandle meldinga og gjere vedtak. Fiskeridirektoratet er klageinstans.

Dersom meldinga ikkje vert godkjent kan vedtaket påklagast. Dersom vedtaket oppretthaldast etter at saka er endelig avgjort i forvaltninga, skal vederlaget refunderast.

§ 8 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft xx.yy.2011. Frå same tidspunkt opphevast forskrift 13. oktober 2009 nr. 1267 om særskilte tiltak i enkelte områder for akvakulturrelatert virksomhet.

Utkast til forskrift om endring av forskrift om løyve til akvakultur for laks, aure og regnbogeaure (laksetildelingsforskrifta)

Fastsett av Fiskeri- og kystdepartementet xx.yy.2011 med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 79 om lov om akvakultur § 5, § 6, § 7 og § 10

I

I forskrift 22. desember 2004 nr. 1798 skal det gjøres følgende endringer:

§ 15 Tillatt biomasse per standard akvakulturtillatelse

En standard tillatelse til akvakultur av matfisk i sjøvann avgrenses til en biomasse på inntil 780 tonn.

I Troms og Finnmark avgrenses *en standard* tillatelse til akvakultur av matfisk i sjøvann til en biomasse på inntil 900 tonn, forutsatt at samtlige lokaliteter knyttet til tillatelsen til enhver tid ligger i Troms og Finnmark.

II

Forskriften trer i kraft xx.yy.2011.